

STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

27. - 28. oktober, med Knut Skrindo, Sina Myhr og Hilde Kirkebøen



Laurdag: 27. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 28. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør:

Knut Skrindo, A-klasse dansar frå Oslo som òg er Landskappleikvinnar! Har sjølvstudert dansen i Ål!

Sina Myhr, A-klasse dansar frå Torpo/Ål

Spelkvinne:

Hilde Kirkebøen frå Ål på hardingfele.



Sina til
venstre

Hilde til
høgre



Mat: Det blir ei god matpause, der alle i Styret vil sørge for dugurdsmaten.

Pris: Kr. 450,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Superpris for ungdom som vil danse: kr. 300,- (under 23 år).

Påmelding: så snart som råd, og helst innan 21. oktober for planlegging av mat og anna.

Så meld dykk på: E-post til: grangard@online.no eller SMS til 48204652.

Knut Skrindo er A-klasse dansar og vant Dans Hardingfele på Geilo saman med Sissel Rudningen i 2007. Knut har vore Danseleiar i Hallinglaget det siste året og har halde ei rekke Minikurs i hallingspringar. Hallinglaget er svært glad for at Knut vil halde dette kurset for han er ein sær sars god pedagog (han er lærar på Katedralskolen her i Oslo). Så møt opp, og ein vil finne ut at eit kurs i hallingspringar gjer ein til ein betre dansar – uansett dans!

Sina Myhr, A-klasse dansar frå Torpo/Ål, Sina er ei av dei beste dansejentene som har lært seg kunsten på Hugnadsheim. Ho dansa seg opp i A-klassa med Eirik Fuglesteg Luksemgard.

Sina vil syne jentedansen sær sars godt; ho er ei av jentene som kan danse og svive på ein slik måte at ein blir fylt av undring og ho kan forklare kva ho gjer!

Hilde Kirkebøen vil sørge for sær sars godt dansespel. Hilde gjester Oslo denne helga og har tidlegare vore Hallinglaget si faste spelkvinne i over 20 år. Så alle som kjenner henne gler seg!